


DETALJREGULERING

Varsel om oppstart av privat detaljregulering.

Gnr. 99, bnr. 1, Flåmyrane III, Vågslid i Vinje kommune. PlanID 20220001

I samsvar med §§ 12-8 og 12-3 i Pbl varslast det med dette at det vert sett i gong arbeid med privat detaljregulering, del av eige-
domen gnr. 99, bnr. 1 i Vinje kommune. Berørte naboeigedommar er omkringliggende hyttetomter. Planarbeidet gjeld ny detaljregulering som vil avløyse eldre eksisterande reguleringsplan, planID 083420030001.

Under planarbeidet kan plangrensa bli justert/reduisert. Forslagsstillar er grunneigar Nils Vågslid. Spørsmålet om å fremje detaljreguleringsplan har vore førelagt planadministrasjonen, jfr. referat frå oppstartsmøte 5. des. 2022 (sjå kommunens heimeside). I møtet vart det gjeve klarsignal til oppstart av planlegging. Varselmelding er òg å finne på kommunen si heimeside.



Føringar for planlegginga er gitt i oppstartsmøtet med kommunen. Planarbeidet er vurdert opp mot forskrift om konsekvensutgreiing i samråd med kommunen. Det er semje om at planarbeidet ikkje utløyser KU jf. *Forskrift om konsekvensutredninger*.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for eit nytt hyttefelt vest for Flåmyrane/Skjerdalen, som i KDP er avsett til framtidig fritidsbusetnad. Samstundes vil ein vurdere infrastruktur og grønstruktur i eksisterande felt med tanke på innpass av nye tomter.

På same tid vert det varsla oppstart av forhandlingar om Utbyggings-avtale. Denne avtala skal regulere forholdet mellom kommunen og utbyggjar om gjennomføring av felles infrastruktur.

Innspel til planarbeidet skal sendast til **Plankontoret Hallvard Homme AS innan 27. februar 2023 på e-post til post@plankontoret.no.**

Nærare informasjon får ein frå Hallvard på tlf. 959 37 000.

